



Den kommunale gartnaren, Helge Naterstad, er på plass og ser til at blomebeddet ved Busslomma er tipp topp.

**Den kommunal gartnaren, Helge Naterstad, er på plass og planter og ryddar blomebeddet ved busslomma. Arbeidet vert gjort i samarbeid med Uskedal utvikling. Likeins vert det planta og sett ut krukker i sentrum. Gros`s blomster ser til at det alltid er fint rundt Bautasteinen. Ved Thavogna er det mange vakre planter.**

I tida fram mot den store festivalhelga vert alle oppmoda om å rydda og slå graset langs vegane og elles i sentrum. Alt må vera på stell når bygda ventar mange gjester.

Helge Naterstad fortel til Uskedalen.no at rosene i blomebeddet ved Busslomma held seg fine. Det er god jord og god vokster. Blomebeddet er delt i tre seksjonar. I kvar ende er det Vårsypress, Margerita, Tvergkrans og roser av typen Nina og Weibull. I midtpartiet finn vi krypande barlind og beinved. Innimellom finn vi sommarblomar.

Uskedalen.no oppmodar alle om å sjå over sine areal. Det skal så lite til og inntrykket vert så mykje betre. Det vert frå i dag sett inn tiltak for å slå graset og rydda ein eigedom midt i sentrum. Arbeidet vert gjort i samråd med den som bur i huset i dag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal